



# SKRIV OG MELDINGAR

1. Årsplan for styret 2021
2. Fødeavdeling ved Odda sjukehus – brev frå Marion Nordgård
3. Omgjering til jordmorstyrt fødestove ved Odda sjukehus – brev frå Helse Fonna til Helse Vest 05.11.2012
4. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Fonna HF 05.03.2014, sak 4
5. Stadfesting på motteken og godkjent årsrekneskap for rekneskapsåret 2020
6. Innspill til Ny plan for habilitering og rehabilitering, e-post frå Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter, datert 20.08.2021

**ÅRSPLAN 2021  
FOR STYRET I HELSE FONNA HF**

**1. kvartal 2021**

14.01.21	Virtuelt møte	Styremøte kl. 09 Årleg melding Styrets eignevaluering og evaluering av adm. dir. Leiingas gjennomgang av internkontroll Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlege selskap	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Eventuelt Skriv og meldingar Månadsrapport bygg Utviklingsplan
18.02.21	Virtuelt møte	Styremøte kl. 13 Anbod ombygging Haugesund sjukehus	Helsefelleskap Utviklingsplan Val av nye styremedlemmar
18.02.21	Virtuelt møte	Styreseminar RHF-styret og HF- styra kl. 10	

**2. kvartal 2021**

20.04.21	Virtuelt møte	Styremøte kl. 13 Styringsdokument for Helse Fonna HF 2021 Styrets årsmelding og årsrekneskap Forhandlingsfullmakt til lønnsoppgjeret.	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg Utviklingsplan
27.05.21	Virtuelt møte	Styremøte kl. 10 Tilsetteskadar og HMS-hendingar årsrapport Avvikshandtering, årsrapport Leiingas gjennomgang av IKT tryggleik Økonomisk langtidsplan Gjennomgang av styrande dokument	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg
18.06.21	Virtuelt møte	Styremøte kl. 09 Utviklingsplan (o-sak) Årsmeldingar frå pasient og brukaromboda i Hordaland og Rogaland Årsplan for styret 2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg Diverse årsrapportar

3. kvartal 2021			
29.09.21	Tysværtunet	Styremøte kl. 09 Forskingsaktivitet Helse Fonna Årsrapport NPE-saker Utviklingsplan O-sak Møte med Brukarutvalet og ungdomsrådet	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg
4. kvartal 2021			
05.10.21	Flesland, Bergen	Styreseminar mellom RHF-styret og HF-styra	Seminar kl. 09.30-16.00 Middag 15.30-17.00
28.10.21	Haugesund sjukehus	Styremøte og styreseminar kl 09 Omvising nytt bygg Sjukefråvær Evaluering av ferieavvikling 2021 <b>Nasjonale kvalitetsindikatorar</b>	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg <b>Pas Opp undersøkinga</b>
26.11.21	Haugesund sjukehus	Styremøte kl. 09 Budsjett og investeringsbudsjett 2022 Evaluering av løn og vilkår til administrerande direktør Utviklingsplan (a-sak)	Godkjenning av innkalling og dagsorden Godkjenning av protokoll Ad. si orientering Rapport frå verksemda Skriv og meldingar Eventuelt Månadsrapport bygg

Til styremøtet 29.09.21 i Helse Fonna

Hei.

Denne gangen skal jeg ikke klage på noe, men komme med et forslag. På bakgrunn av utvidelsen av Boliden i Odda, vil det bli behov for ca 70 mann på Zinkverket. Dette vil i tillegg gi ringvirkninger til lokale firmaer som dermed må øke arbeidstokken sin.

I tillegg planlegges det en hydrogensatsing ved Tizir som også kommer til å øke bemanningen sin.

Om Odda/Ullensvang skal få de unge til å satse på en framtid her, er det avgjørende at unge kvinner( og deres menn) har et fødetilbud ved Odda sjukehus. Det er ingen kvinner som ønsker å føde i en ambulanse på vei til Haugesund eller i en personbil ved en grøftekant.

Jeg tenker at ved å styrke Odda sjukehus med en fødeavdeling igjen, vil Helse Fonna få: - En gevinst ved at ambulansetjenesten frigjøres til andre oppgaver.

- Det blir mer attraktivt å få besatt de andre stillingene ved sykehuset, når fagmiljøet blir større
- Haugesund sykehus kan satse mer på den spesialiseringen vi ser i dag
- En gynokolog kunne også blitt brukt til andre oppgaver i samarbeid med kommunehelsetjenesten

Jeg husker at et av argumentene for å legge ned fødeavdelingen i Odda var at det var for få fødsler der til at det var forsvarlig å drive den. Men om man tenker annerledes f.eks å benytte seg av hospitering ved andre sykehus for å få den boosten og den oppdaterte erfaringen man trenger, så kan avdelingen, slik jeg ser det, åpnes igjen.

Jeg håper styret vil vurdere mitt innspill seriøst og antar at det muligens vil dukke opp enda flere gode effekter av å åpne fødeavdelingen ved Odda sjukehus igjen.

Mvh Marion Nordgård

Helse Vest RHF  
Att. Herlof Nilssen  
Postboks 303, Forus  
4066 Stavanger

Dykkar                      Vår                      2007/4099-                      Olav Klausen, tlf 52732482                      Haugesund,  
ref:                      ref:                      24555/2012                                           05.11.2012

## Omgjering til jordmorstyrt fødestove ved Odda sjukehus

### Bakgrunn

I tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2009 fekk dei regionale helseføretaka med bakgrunn i St.meld. nr. 12 "En gledelig begivenhet" i oppdrag å utarbeide ein fleirårig plan for fødetilbodet i regionen saman med aktuelle kommunar. Regional plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg blei vedteke i styret for Helse Vest 1. desember 2010.

Helsedirektoratet har gjeve ut rettleiaren "Eit trygt fødetilbod – kvalitetskrav til fødselsomsorga". Rettleiaren stiller krav til seleksjon av fødande, bemanning og kompetanse ved fødeinstitusjonar. Helsedirektoratet rår i rettleiaren til at modellen med forsterka fødestover blir avvikla.

Føretaksmøtet i Helse Vest RHF 28. april la til grunn at den forsterka fødestova i Odda blir omgjort til ordinær jordmorstyrt fødestove i tråd med Helsedirektoratet si tilråding, i samsvar med styrevedtak i sak 124/10B, 1. desember 2010.

Helse Vest ber i brev datert 28.12.2011 om at Helse Fonna startar prosessen med å gjere om til ordinær jordmorstyrt fødestove. Arbeidet skal gjerast uavhengig av når gynekologen blir pensjonert, og uavhengig av utgreiingsarbeidet av føretaksgrensene i Indre Hardanger. Arbeidet har fått eit tidsperspektiv frå januar til oktober 2012. Målet er at omstillinga er gjennomført, og at ordinær jordmorstyrt fødestove utan kirurgisk beredskap (keisarsnitt) er etablert innan 01. oktober 2012.

### Prosess

Arbeidet med omgjering til jordmorstyrt fødestove starta opp i januar 2012. Det blei oppretta ei omstillingsgruppe som vart sett saman av leiar for jordmortenesta i Odda, jordmor ved Odda sjukehus, seksjonsoverlege gynekologi Haugesund, gynekolog Odda sjukehus, tillitsvald, verneombod, HMS, HR, seksjonsleiar Odda sjukehus og klinikkdirektør. I tillegg har både klinikkdirektør, seksjonsleiar og

seksjonsoverlege gynekologi hatt eigne dialogmøte med jordmødrene ved Odda sjukehus. Britt Eide frå Helse Vest har også blitt nytta som kontaktperson og rådgjevar i omstillinga.

Omstillingsprogrammet i Helse Fonna har blitt teke i bruk i prosessen etter gjeldande føringar. Pga. sjukefråvær klarte ein ikkje å få gjennomført hospitering og nødvendig gjennomgang våren 2012. Fristen for oppstart blei derfor søkt utsett til 31.12.2012. Dette blei innvilga av Helse Vest.

For å førebu oppstart av den jordmorstyrte fødestova har det blitt arbeidd innanfor følgjande område:

#### 1. Hospitering:

Det er gjennomført hospitering for jordmødrene til Mosjøen og Tynset jordmorstyrte fødestover. Mosjøen har behalde førstegongsfødande, mens Tynset har ikkje førstegongsfødande. Jordmødrene i Odda har også over fleire år hospitert ved fødeavdelinga ved Haugesund sjukehus. Denne hospiteringa er tenkt oppretthalden og forsterka etter innføring av jordmorstyrt fødestove.

#### 2. Simulator-, case- og teamtrening:

Det er utarbeidd ein kurspakke som består av simulatortrening, team- og casetrening. Simulatortreninga er gjennomført, og alle involverte faggrupper har delteke. Simulatortreninga blei halden ved Odda sjukehus, slik at heile teamet fekk trene på nye roller.

#### 3. Seleksjonskriterium:

Gjeldande seleksjonskriterium er gjennomgått av jordmødrer og gynekologar (Torunn Eikeland og Halvar Dahle). Dei seleksjonskriteria ein har i dag, er tilpassa overgang til jordmorstyrt fødestove i samsvar med tilrådde kriterium. Det som har vore diskutert, er om førstegongsfødande skal takast imot på den jordmorstyrte fødestova. Fødande med overvekt er allereie selektert til Haugesund sjukehus, og dette blir ei aukande gruppe framover. Ei anna gruppe som er utfordrande er innvandarkvinner som har problem med kommunikasjon og språk.

#### 4. Ny turnus:

Ny turnus skal sikre at det er to jordmødrer på vakt og tilstrekkeleg bemanning av barnepleiar og/eller anna personell ved den jordmorstyrte fødestova. Hospitering er lagt inn fast i årsplanen.

#### 5. ROS-analyse m.o.t. førstegongsfødande:

I samsvar med plan er det gjort ein risiko- og sårbarheitsanalyse med tanke på jordmorstyrt fødestove med og utan førstegongsfødande.

Følgjande risikoområde blei avdekte m.o.t. fødestove utan førstegongsfødande:

- Blødingar etter fødsel (score 3)

- Få fødsler for jordmor – lita mengdetrening – utryggleik (score 6)

Kompenserande tiltak kan vere å øve på naudprosedyrane, casetrening, jordmødrene må lære seg prosedyre «utskraping av livmor». Hospitering i Haugesund må aukast.

Følgjande risikoområde blei i tillegg avdekte m.o.t. fødestove med førstegongsfødande:

- Vanskeleg å spå fødselsutkomme ved førstegongsfødande (score 9)
- Fleire kan bli overførte etter at dei har komme i fødsel (score 4)
- Fleire fødsler kan komme i transport (score 4)
- Fleire komplikasjonar i trykkfase (score 9)

Kompenserande tiltak kan vere å trene jordmødrene i bruk av forløsning ved hjelp av vakum ekstraktor, samt å selektere endå strengare på eit tidleg tidspunkt.

#### 6. Gjennomgang av fødsler ved Odda sjukehus 2002–d.d.:

Seksjonsoverlege gynekologi, Torunn Eikeland, har gjort ein nøye gjennomgang av resultatata for fødestova og for dei kvinnene frå Odda som har fødd i Haugesund. Spesielt har ho gjennomgått kvar fødsel og operasjonsbeskriving der lege i Odda har vore involvert med keisarsnitt, operativ vaginal forløyning, postpartumbløding eller store rupturar. Det er vurdert om desse burde/kunne vore selekterte til fødsel i Haugesund når dei kom inn, eller tidleg i fødselsforlaupet. Det er også vurdert om det er truleg at jordmor kunne greidd å forløyse operativt vaginalt dei gongene ein ikkje hadde grunn til å rekne med tidleg i fødselsforløpet at det kunne bli nødvendig. På same måte er det vurdert om jordmødrene utan hjelp av lege kunne greidd å handtere postpartumblødingane der lege har vore involvert, sett bort ifrå blødingar etter keisarsnitt.

Gjennomgangen viser at talet på fødsler ved Odda sjukehus har gått betydeleg ned dei siste åra, frå 72 i 2009 til 36 i oktober 2012. Dersom vi tek bort dei førstegongsfødande, har talet gått frå 50 (2010), til 30 (2011) og **26** (okt. 2012). Få fødsler er venta dei siste to månadene i 2012.

Frå 2010–2012 har ein hatt til saman 30 førstegongsfødande ved Odda sjukehus, noko som er ein reduksjon sett opp mot tidlegare år. Likevel ser ein at 10 % av desse har blitt forløyste operativt vaginalt og 10 % har blitt forløyste med akutt keisarsnitt.

Analysane viser at gynekolog har vore involvert i fødslane hos ca. 25 % av dei førstegongsfødande. I desse tilfella blei det vurdert som heilt nødvendig, anten pga. vakumekstraksjon, keisarsnitt eller behandling av alvorleg postpartumbløding. **Gynekologen gjer difor ei sterk anbefaling om at førstegongsfødande må selekterast vekk frå ei jordmorstyrt fødestove.**

For fleirgongsfødande som har fødd i Odda dei siste tre åra har det vore tre operative vaginale fødsler (3,2 %) og tre akutte keisarsnitt (3,2 %). Risikoen for å ende opp med akutt keisarsnitt for ei frisk fleirgongsfødande er altså i den siste treårsperioden fire gonger så høg i Odda som i Haugesund.

## Oppsummering

Klinikkdirektør i Medisinsk klinikk har gjennomført prosessen med å legge til rette for ei jordmorstyrt fødestove i Odda. Jordmødrene har gjennom prosessen ytra tvil om dei vil kunne stå med ansvaret for den jordmorstyrte fødestova. Få fødselar per jordmor og nokre kompliserte fødselar den siste tida har vore med på å forsterke denne tvilen.

Etter den grundige gjennomgangen av fødselar frå dei siste åra gjort av erfaren gynekologspesialist er både jordmødrer og seksjonsoverlege gynekologi heilt bestemte på ei anbefaling om ikkje å starte opp med jordmorstyrt fødestove i Odda. Jordmødrene i Odda ønskjer ikkje å ta på seg ansvaret for jordmorstyrt fødestove i Odda, og tilrår i staden eit tilbod i tråd med «God start»-modellen frå Helse Førde. Dei meiner dette vil vere eit betre tilbod til dei fødande som soknar til Odda sjukehus. Dei ser for seg svangerskapskontroll, følgjeteneste og barselavdeling med rask overføring frå Haugesund sjukehus. Jordmødrene ved fødestova i Odda står samla om denne avgjerda. Seksjonsoverlege gynekologi har gjort grundig greie for kvifor ho ikkje kan ta ansvar for ei jordmorstyrt fødestove med førstegongsfødande, og kvifor ho også rår til at vi ikkje startar opp med jordmorstyrt fødestove i Odda. Ho støttar jordmødrene sitt syn på at modellen «God start» vil vere det kvalitativt beste tilbodet for befolkninga rundt Odda sjukehus.

På bakgrunn av dei endringane som har skjedd dei tre siste år med ein betydeleg reduksjon av fødselar ved Odda sjukehus, vurderingane, tilrådingane og beslutningane frå jordmødrene, erfaringane frå det nasjonale utviklingsprosjektet i Helse Førde samt dei sterke faglege råda som er komne i siste del av prosessen kan Helse Fonna HF ikkje tilrå å starte opp jordmorstyrt fødestove ved Odda sjukehus.

Styret i Helse Fonna HF (sak 68/12 O) sa seg samde i vurderingane og bad administrerande direktør formulere eit brev til Helse Vest RHF om at Helse Fonna HF ikkje anbefaler ei jordmorstyrt fødestove i Odda.

Helse Fonna HF vil be om at «God start» modellen frå det nasjonale utviklingsprosjektet i Helse Førde blir vurdert for Odda Sjukehus. Dette er i tråd med tilrådinga frå fagpersonar og dei tilsette ved Odda Sjukehus.

Ordførar i Odda/Nestleiar i Hardangerrådet John Opdal er informert om utgreinga og tilrådingane.

Helse Fonna HF

---

Olav Klausen  
administrerande direktør



## **PROTOKOLL**

### **FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF**

Onsdag 5. mars 2014 kl. 14.30 blei det halde føretaksmøte i Helse Fonna HF på Sola Strand Hotel.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Styringsdokument 2014
4. Tilbodet til gravide og fødande ved Odda sjukehus

Frå Helse Vest RHF møte: Terje Vareberg, styreleiar

Frå styret møte: Kjell Arvid Svendsen, styreleiar

Frå administrasjonen møte: Administrerande direktør Olav Klausen

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerande direktør Helse Vest RHF  
Ivar Eriksen, eigardirektør Helse Vest RHF

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

### **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Terje Vareberg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Kjell Arvid Svendsen og Terje Vareberg blei valt til å underskrive protokollen.

Terje Vareberg overlet møteleiinga til Kjell Arvid Svendsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

### **Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

### **Sak 3 Styringsdokument 2014**

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumenta for helseføretaka i styremøte 4. mars 2014.

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2014. Styringsdokumentet skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemda og inneheld mål og resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Det er likevel ikkje slik at dei samla krav til helseføretaka går fram av styringsdokumentet. Dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som skal vektleggjast og prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med dei mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lov og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2014 til Helse Vest RHF og styringskrav frå eigar formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF.

I dokumentet blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha ein særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

I styringsdokumentet blir det og stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgd opp eller blir planlagd følgd opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Føretaksmøtet gjorde følgjande vedtak:

Føretaksmøtet vedtek styringsdokument for 2014 til Helse Fonna HF.

#### Sak 4 Tilbodet til gravide og fødande ved Odda sjukehus


Føretaksmøtet i Helse Vest RHF behandla i møte 20. februar 2014 sak om tilbodet til gravide og fødande ved Odda sjukehus. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

- Føretaksmøtet opphevar tidligare vedtak i saka og legg til grunn at fødestova ved Odda sjukehus blir omgjort til eit tilbod i tråd med «Godstart»-modellen med tilbod om svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling.
- Det skal vera ein trygg situasjon for kvinner i fødsel med tilgjengeleg jordmorteneste, følgjeteneste og det skal vere høve til å føde i Odda dersom kvinna ikkje rekk fram til planlagt fødested.


Føretaksmøtet gjorde følgjande vedtak:

1. Føretaksmøtet legg til grunn at fødestova ved Odda sjukehus blir omgjort til eit tilbod i tråd med «Godstart»-modellen med tilbod om svangerskapskontrollar, følgjeteneste og barselavdeling.
2. Det skal vera ein trygg situasjon for kvinner i fødsel med tilgjengeleg jordmorteneste, følgjeteneste og det skal vere høve til å føde i Odda dersom kvinna ikkje rekk fram til planlagt fødested.

Sola, den 05.03.14

  
Kjell Arvid Svendsen

Sola, den 5/3-14

  
Terje Våréberg



# Brønnøysundregistrene

Organisasjonsnr: 983 974 694  
HELSE FONNA HF  
Postboks 2170  
5504 HAUGESUND

**Dykkar ref.**  
AR435729963

**Vår ref.**  
2021475339

**Dato**  
13.07.2021

## Stadfesting om godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2020

Vi har den 23.06.2021 motteke og godkjend årsrekneskapen.  
Årsrekneskapen er offentlig tilgjengelig, jf. rekneskapslova § 8-1.

Du må kontrollere at disse opplysningane er riktige:

Årsrekneskapen for rekneskapsåret 2020 gjeld perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020.

Verksemda er i perioden ikkje registrert som morselskap i konsern.

Viss opplysningane er feil, må du sende ny korrigert årsrekneskap.

Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du tok imot vedtaket. Klageinstansen er Finansdepartementet, men du må sende klaga skriftleg til Rekneskapsregisteret. Det må gå fram kva vedtak du klagar på og klaga må vere grunngitt, datert og underskrive av klagaren. Sjå forvaltingslova §§ 28-32. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, men med dei avgrensingane som følger av forvaltingslova §§ 18 og 19.

Gratis tilgang til norske lover finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

Med helsing  
**Brønnøysundregistra - Rekneskapsregisteret**

Narve Amundsen  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Til Per Bjørn Habbestad  
Helse Fonna

Helse Fonna henviser en hel del barn til poliklinisk intensiv tverrfaglig habilitering ved Barnas Fysioterapisenter i Bergen. I den forbindelse vises til utkast til ny plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest, der Barnas Fysioterapisenter er nevnt flere ganger, som et tiltak som kan benyttes av Helse Vest for habilitering i fase 4 og 5 for barn med funksjonsnedsettelse. Så vidt vi vet er Barnas Fysioterapisenter det eneste senteret som gir denne typen funksjonell intensiv trening i et tverrfaglig medisinsk team. Senteret er også det eneste som vil bli nedlagt hvis de partier som mest sannsynlig skal danne ny regjering etter valget i høst avvikler Fritt Behandlingsvalg, slik de har programfestet.

Senteret vårt er også det eneste som ikke har avtale direkte med Helse Vest, av de institusjonene som er nevnt som henvisningsalternativer i planen.

Den eneste muligheten for at Helse Fonna fortsatt skal kunne henvide til Barnas Fysioterapisenter etter valget og evt. avvikling av Fritt behandlingsvalg, er om Helse Vest RHF inngår en direkte avtale med Barnas Fysioterapisenter på linje med andre rehabiliteringssentre. Vi er klar over at en slik avtale må utlyses som offentlig anskaffelse. Helse Vest har informert oss om at Helse Vest RHF ikke selv vil utlyse en anbudskonkurranse dersom ikke helseforetakene uttrykker til Helse Vest at det er behov for et tilbud om poliklinisk intensiv tverrfaglig habilitering for barn 0-18 år. Vi mener at den planen som er foreslått for å imøtekomme behovet for fase 4 og 5 av habiliteringsforløpet ikke kan la seg gjennomføre når fritt behandlingsvalg er avviklet, med mindre det anskaffes en avtale om levering av polikliniske perioder med intensiv tverrfaglig habilitering som del av oppfølgingstilbudet til barn fra 0-18 år med funksjonsnedsettelse.

Vi er interessert i å få en direkte avtale med Helse Vest RHF slik at vi fortsatt kan ivareta disse pasientene. Vi ber om at denne eposten med vedlegg oversendes til styret i Helse Fonna og at Helse Fonna tar dette innspillet i betraktning i forbindelse med ny regional plan for habilitering og rehabilitering. Ved eventuelle spørsmål er dere velkommen til å kontakte undertegnede, og vi stiller gjerne til et møte om ønskelig.

Med vennlig hilsen  
Camilla Skagen  
Daglig leder Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter  
Telefon direkte: 922 05 253



● STIFTELSEN BARNAS FYSIOTERAPISENTER  
● Org. Nr: 893 140 832  
● Solheimsgaten 9, 5058 Bergen  
● Telefon: 55 32 05 10  
● Fax: 55 32 05 11  
● Web: [www.bfsnett.no](http://www.bfsnett.no)

## **Til Styret for Helse Fonna**

### **Fra Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter**

#### **Angående Ny Plan for Habilitering og Rehabilitering i Helse Vest.**

**Dato: 18.08.21**

Vi er kjent med at styret i Helse Vest RHF har bedt helseforetakene om en uttalelse i forbindelse med at Helse Vest RHF skal behandle forslag til ny plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest i løpet av høsten 2021. I planen er det foreslått å inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helsetjeneste». Det foreslås å sette i gang systematisk arbeid med avklaring av forløp og tjenester til barn og unge med ervervet hjerneskade og barn og unge med medfødt skade i sentralnervesystemet. Det pekes i planutkastet på at perioder med intensiv tverrfaglig habilitering bør integreres i oppfølgingstilbudet til barn med funksjonsnedsettelse fra 0-18 år, og at dette kan være nyttig i fase 4 og fase 5 av pasientforløpet. Det skal legges opp til kunnskapsbaserte pasientforløp som er forutsigbare for brukerne og tilpasset behovet til pasienten i et livsløpsperspektiv. Vi forstår planutkastet slik at helseforetakene i Helse Vest selv skal utføre behandlingen i fase 1 til 3, og at Helse Vest tenker å sørge for behandlingen i fase 4 og 5 ved kjøp av tjenester fra andre institusjoner. Barnas Fysioterapisenter er nevnt flere ganger som et henvisningsalternativ for sykehusene i Helse Vest i fase 4 og fase 5. Per i dag henviser leger fra spesialisthelsetjenesten til intensiv habilitering og trening ved Barnas Fysioterapisenter. Dette kan de gjøre fordi senteret er godkjent som leverandør av spesialisthelsetjenester innenfor ordningen Fritt Behandlingsvalg. Planutkastet som foreligger ser ut til å forutsette at spesialisthelsetjenesten i Helse Vest kan fortsette å henvise barn og unge til Barnas Fysioterapisenter.

Etter valget i september 2021 forventes det å bli regjeringsskifte. De partiene som sannsynligvis vil danne ny regjering, har programfestet å avvikle ordningen fritt behandlingsvalg. Man må derfor påregne at kun institusjoner som har direkte avtale med et Regionalt Helseforetak vil kunne levere tjenester til pasienter fra sykehusene i Helse Vest i fremtiden. Barnas Fysioterapisenter har ikke en direkte avtale med Helse Vest. Barna som planen omhandler vil da ikke lenger kunne henvises fra helseforetakene til Barnas Fysioterapisenter og barna vil miste et viktig supplement i sitt habiliteringsforløp. Brukernes behov for intensiv funksjonsrettet trening blir da ikke dekket ettersom det, så vidt vi vet, ikke finnes andre institusjoner som leverer samme tjenester som vi gjør. Konsekvensen blir at den planen som er foreslått for å imøtekomme behovet for fase 4 og 5 av habiliteringsforløpet ikke kan la seg gjennomføre når fritt behandlingsvalg er avviklet, fordi Barnas Fysioterapisenter ikke har noen direkte avtale med Helse Vest. Slik vi forstår forslag til ny plan har helseforetakene i Helse Vest og vi en felles interesse i at intensiv tverrfaglig habilitering kan integreres i oppfølgingstilbudet til barn fra 0-18 år med funksjonsnedsettelse.

Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter er en privat, ideell organisasjon, som er godkjent av Helfo som leverandør av spesialisthelsetjenesten intensiv tverrfaglig habilitering. Godkjenningen gjelder rehabilitering og intensiv tverrfaglig habilitering av barn fra 0 til og med 16 år med

vesentlig nedsatt funksjonsevne som skyldes medfødt eller tidlig ervervet hjerneskade. Senteret er anerkjent i fagmiljøet for sin lange erfaring og høye kompetanse innen intensiv trening av barn med medfødt eller ervervet hjerneskade. Barna må rettighetsvurderes og henvises fra offentlig spesialisthelsetjeneste for å kunne motta tjenestene våre. Fagpersonene ved senteret er helsepersonell. Vi har tett samarbeid med både kommune- og spesialisthelsetjenesten. Vi driver intensiv motorisk trening med fokus på å lære nye ferdigheter med brukermedvirkning, mestring, egenomsorg og deltagelse i fokus, til brukere i fase 4 og fase 5 i forløpet. Habiliteringstilbudet drives som poliklinisk virksomhet, med 5 timer trening 4 dager per uke sammenhengende i 3 uker. Barna får et nytt tilsvarende opphold i løpet av et år. Senteret driver også fagutvikling og forbedringsarbeid som kommer brukergruppen til gode. Henvisningstallet til senteret har vært kontinuerlig økende siden godkjenning som spesialisthelsetjeneste forelå høsten 2017, og mange av barna blir henvist til flere opphold. Ca halvparten av henvisningene kommer fra sykehus i Helse Vest. Mengden henvisninger fra de ulike helseforetakene viser at legene opplever at pasientene har behov for de tjenestene senteret vårt leverer. Foreldre og barn melder om at de trenger dette tilbudet i sitt pasientforløp og at de ikke har tilsvarende alternativer innenfor den ordinære spesialisthelsetjenesten. Hør gjerne brukernes mening i filmen «Trening gir mening»:  
<https://vimeo.com/manage/videos/487017224> Passord: Barnas\_Fysioterapi

Vi er interessert i å få en direkte avtale med Helse Vest RHF slik at vi fortsatt kan ivareta disse pasientene. En slik avtale er den eneste mulighet for at Helse Fonna fortsatt skal kunne henvise barn til intensiv tverrfaglig habilitering ved Barnas Fysioterapisenter hvis fritt behandlingsvalg avvikles. Ifølge Helse Vest må initiativet til å inngå en slik avtale komme fra helseforetakene. Helse Vest RHF vil ikke selv utlyse en anbudskonkurranse dersom ikke helseforetakene uttrykker til Helse Vest at det er behov for et tilbud om poliklinisk intensiv tverrfaglig habilitering for barn 0-18 år. Vi ber om at styret i Helse Fonna tar dette innspillet i betraktning i forhold til ny regional plan for habilitering og rehabilitering. Ved eventuelle spørsmål er dere velkommen til å kontakte undertegnede, og vi stiller gjerne til et møte om ønskelig.

Camilla Skagen  
Daglig leder Stiftelsen Barnas Fysioterapisenter  
Telefon: 922 05 253  
Epost: [camilla@bfsnett.no](mailto:camilla@bfsnett.no)